



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Gloppen hotell
Dato: 03.03.2026
Tidspunkt: 10:30

Velkomen til det andre møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2026.

Møtet finn stad på Gloppen hotell på Sandane, tysdag 3.mars kl 10:30.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 6/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 8/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 2/2026		2025/16018
ST 9/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidler 2026		2025/16897
ST 10/26	Eventuelt		

ST 6/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 7/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/16018-4

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 26.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/26	03.03.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 2/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

Det har vore handsama ei delegert sak sidan sist møte. Det vart gjeve løyve til motorferdsel i samband med rydding av sti etter stormfelling i Brenndalen, sak 2026/1570.

Nytt frå SNO

Anne Rudsengen frå Statens naturoppsyn vil informere og syne bilete frå oppsynsturar i nasjonalparken.

Status førebuing av skjøtselsarbeidet i 2026

Det vart i veka før vinterferien gjennomført to kveldsmøter om oppfølging av skjøtselsplanar, eit for Erdalen og eit for Sunndalen. Oppmøtet var godt og planar vart lagt for gjennomføring at tiltak i løpet av 2026. Lagring av slåtteutstyr er ei særleg utfordring, både på Sunndalssætra og på Storesætra i Erdalen. Forvaltninga vil i nært samarbeid med grunneigarane prøve å avklare mogelege langsiktige lagringsløyisingar i løpet av året.

Det er planlagt eit møte onsdag 4.mars i Stardalen om oppfølging av skjøtselsplan for Befringsdalen. Vonleg får vi til eit liknande møte på Veitastrond før påske.



Når tildelte tiltaksmidler er formelt prioritert vil forvaltarane gå i gang og få på plass skjøtselsavtalar. Målet er at desse skal vere signert før påske.

Status prosjekt skilttavler

Utarbeiding av innhald til nye skilttavler er godt i gang. Eksempel frå dette arbeidet vil verte synt fram for styret.

Ekstremvær og skadar i verneområde

Klima endringane gjer seg gjeldande og fører til hyppigare episodar med ekstremvær. Miljødirektoratet har sendt ut eit brev med informasjon om kva forvaltningsstyresmaktene for verneområde bør vurdere etter ekstremvær. Miljødirektoratet ynskjer å få oversikt over resultatet av ekstremvær, som t.d. Amy, i verneområda. Det er difor oppretta ein ny kategori i Naturoppdrag der skadar etter stormhendingar skal registrerast. Målet med registreringa er å gje Miljødirektoratet betre oversikt over resultatet av stormhendingar i verneområde, i tillegg til verdifull informasjon som kan bidra til tiltak for betre klimatilpassing.

Endringar i anskaffingslova

Terskelverdien i innkjøpsregelverket er heva frå kr 100 000,- til kr 500 000,-. Dette vil medføre at krav om gjennomføring av tilbuds konkurranse fyrst slår inn når samla kjøp over tid kjem over 500 000,-.

Dei generelle prinsippa om konkurranse, t.d. forventning om at vi sjekkar prisar etc, vil framleis gjelde, men mange formelle krav vert borte. Dette vil lette arbeidet i samband med innkjøp av tenester og utstyr.

Stilling som kommunikasjonsrådgjevar

Statsforvaltaren i Vestland har no lyst ut stilling som kommunikasjonsrådgjevar villrein. Stillinga er lyst ut med kontorstad ved forvaltningsknutepunktet i Aurland.

Breturkart 2026 – Spørsmål om deltaking

Norsk Bremuseum har sendt førespurnad om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil vere med på spleiselaget det er å lage eit nytt breturkart for 2026. Bremuseet har i mange år teke initiativ til utarbeiding av nytt breturkart årleg. Breturkartet viser mogelegheit for ulike breturar på Jostedalsbreen. Ulike aktørar som tilbyr breturar er med og bidreg økonomisk. Breturkartet er utarbeidd i tråd med designmanualen til merkevara Norges nasjonalparker. Budsjetten for breturkartet er på om lag kr 35 000,-. Dei siste åra har nasjonalparkstyret bidrege med kr 3 000,- til spleiselaget.

Almesjuke

Det er dei siste åra registrert store utbrot av almesjuke langs Sognefjorden. Nibio er i ferd med å lage ein strategi for handtering av almesjuke i Vestland. Den vert ferdig i midten av mars.

Innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark kjenner me til ein bestand av alm i Sunndalen. Det er truleg mange bestandar i liane nedanfor vernegrensa rundt nasjonalparken.



Arkivsaksnr: 2025/16897-3
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 25.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	9/26	03.03.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Prioritering av tiltaksmidler 2026

Innstilling frå forvaltar

1	Slått i Sunndalen	17000	17000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra	50000	50000
3	Tiltak på ferdselsveggar i Sunndalen	20000	20000
4	Restaurering av lauveng i Sunndalen	15000	15000
5	Slått i Erdalen	17000	17000
6	Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	30000	30000
7	Rydding av kulturlandskap i Vesledalen i Erdalen	30000	30000
8	Vedlikehald av risgarden ved Reset i Erdalen	50000	50000
9	Tiltak på ferdselsveggar i Erdalen	20000	20000
10	Styrt beiting med geit ved Storesætra i Erdalen	20000	20000
11	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	50000	50000
12	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	60000	60000
13	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	90000	90000
14	Innfallsport Stardalen	30000	30000
15	Utforming av innhald til informasjonstavler	30000	30000
16	Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar Granuttak nær nasjonalparkgrensa ved	250000	241000
17	Fåbergstølen	20000	20000
18	Hente materialrestar/skrot frå Storesætra	40000	40000
19	Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	20000	20000
20	Innfallsport Supphellebreen	100000	100000
21	C14-datering av fonnnfunn frå Supphelleskaret	10000	0



22	Tilrettelegging av innfallsport ved Bødalssetra	25000	25000
23	Innkjøp av varsemdskilt til fleire innfallsportar	25000	25000
24	Restaurering av sti Lundaskaret	1	0
25	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	1	0
	Sum	1019002	1000000

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment som endrar føresetnadane for dei einsskilde prosjekta. Nasjonalparkstyret har høve til å søkje om meir midlar til prosjekt i supplerande tildelingsrundar dersom større uføresette hendingar eller behov dukkar opp. Sekretariatet bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp prosjekta. Styret skal fortløpande orienterast om prosjekta i løpet av året.

Dokument i saka

- Styresak 37/25 – 25.11.2025 - Bestillingsdialog og tiltaksplan 2026.
- Brev frå Miljødirektoratet av 27.10.2025 – Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2026-2030, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Saksopplysningar

I styresak 37/25 Bestillingsdialog og tiltaksplan 2026 gjorde nasjonalparkstyret følgjande samrøystes vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2026 slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summer fram mot søknadsfrist 9.januar 2026 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Oppsetjing av informasjonsskilt og ferdigstilling av innfallsportar vert prioritert høgt i 2026.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2026 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsesplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.



Sekretariatet la tidleg i januar inn søknad om tiltaksmidler for totalt 25 prosjekt med ein samla søknadssum på kr 1 019 002 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS), sjå tabell 1.

I e-post frå Miljødirektoratet februar 2026 fekk sekretariatet melding om at årets tildeling av tiltaksmidler (post 1420.31) var lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt ein samla pott på kr 1 000 000,- i 2026 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det er kr 19 002,- mindre enn omsøkt, noko som betyr at det er små justeringar som skal til for å kunne gjennomføre planlagde prosjekt.

Tabell 1 Oversikt over innsendt søknad om tiltaksmidler 2026 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Slått i Sunndalen - referanselokalitet slåttemark	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	17 000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalsætra	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
3	Tiltak på ferdsels- og buføringsveggar i Sunndalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
4	Restaurering av lauveng i Sunndalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Tynning av skog	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
5	Slått i Erdalen-referanselokalitet slåttemark	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	17 000
6	Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

7	Rydding av kulturlandskap i Vesledalen i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
8	Vedlikehold av risgarden ved Reset i Erdalen	Restaurering	Skjøtsel i tilknytning kulturminner	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
9	Tiltak på ferdsels- og buføringsvegar i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
10	Styrt beiting med geit ved Storesætra i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
11	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
12	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	60 000
13	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	90 000
14	Innfallspørt Stardalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
15	Utforming av innhold til informasjonstavler	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
16	Oppsetjing av infotavler ved innfallspørtar	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	250 000
17	Ta ut gran nær nasjonalparkgrensa ved Fåbergstølen	Uttak av fremmede arter	Norsk gran	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
18	Hente materialrestar/skrot frå Storesætra Erdalen	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
19	Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
20	Innfallspørt Supphellebreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallspørt/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
21	C14 datering av fonnfunn frå Supphelleskaret	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000



22	Tilrettelegging av innfallsport ved Bødalsetra	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	25 000
23	Innkjøp varsemidskilt til fleire av innfallsportane	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	25 000
24	Restaurering av sti Lundaskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
25	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
						1 019 002

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har søkt og fått meir midlar i 2026 enn i 2025. Med tidlegare midlar er det mellom anna kjøpt inn skilttavler og fundament som vi har på lager. Desse ønskjer vi i stor grad å få plassert ut ved innfallsportane i løpet av året, noko som inneber at aktiviteten kring innfallsportane som er peika på i besøksstrategien skal vere høg i 2026.

Alle dei 25 omsøkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31.

Sidan tildelinga vart tilnærma lik det som vart søkt om, er det i utgangspunktet mindre endringar i tiltak samanlikna med styresak 37/25. I vedtaket frå styresak 37/25 vart sekretariatet gjeve fullmakt til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist 9.januar 2026. Sekretariatet nytta handlingsrommet noko til å få justert opp nokre skjøtselstiltak i Erdalen som vi meiner bør gjennomførast i 2025. Dette gjeld mellom anna ekstraarbeid knytt til risgjerde på Reset i Erdalen, der stormen Amy øydela mykje av det som er der i dag. Det kan og vere mogeleg å be om ekstraløyvingar til einsskilte tiltak, men det er ingen garanti for at ekstramidlar vert prioritert til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Ved tildelinga av drifts- og planmidlar for 2026 vart det lagt til ei grunnstøtte drift til nasjonalpark- og verneområdestyrer. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt kr 150 000,- i grunnstøtte drift. Denne grunnstøtta har nasjonalparkstyret ei friare råderett over, og kan nyttast til drift, kunnskapsinnhenting, vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid mv.

Det vart søkt om totalt kr 522 000 til drift av nasjonalparkstyret, inkludert midlar til møter, planarbeid og insektskartlegging. Totalt vart det tildelt kr 630 000 (inkludert grunnstøtte drift). Det betyr at planlagde aktivitetar kan gjennomførast, og at det er midlar att til anna relevant arbeid i nasjonalparken.



Vurdering

Sekretariatet ser liten grunn til å endre på prioriteringa til planlagde tiltak som vart søkt gjennom ordninga «Midlar til tiltak i verneområde, kap 1420 post 31», då nasjonalparkstyret om lag fekk omsøkte midlar. I det justerte forslaget er C14-datering av fonnnfund i Supphelleskaret sett til kr 0, då vi har fått ei forklaring på korleis neveren mest truleg har hamna der oppe. Resten av justeringa er på posten oppsetjing av infotavler ved innfallsportar, då denne posten relativt lett skal kunne tilpassast kor mykje midlar som er tilgjengeleg. I all hovudsak omhandlar tiltaka skjøtsel av kulturlandskap og etablering av innfallsportar, samt noko rydding og vedlikehald av eksisterande infrastruktur.

Om større uføresette hendingar har gjort/gjer skade på installasjonar og infrastruktur, har nasjonalparkstyret høve til å søke om ekstra midlar. Det er ingen garanti å få ekstra midlar, men sekretariatet meiner at det framleis ligg eit handlingsrom i tiltak 16 «Oppsetjing av skilttavler ved innfallsportar». I tillegg kan noko av grunnstøtta nyttast til uføresette hendingar i nasjonalparken.

I søknad til «Behovsinnmeldingen» til drift av styre, planarbeid og kartlegging av insektfauna i Langedalen fekk Jostedalsbreen nasjonalparkstyre noko meir enn søkt om, totalt kr 630 000 i staden for kr 522 000 som det var søkt om. Sekretariatet meiner såleis at alle tiltaka/postane kan gjennomførast som planlagt, samstundes som det er noko av grunnstøtta att til uføresette hendingar. Til dømes har ikkje sekretariatet oversikt over om alle skadar etter stormen Amy er rapportert inn.

Sekretariatet tilrår følgjande prioritering av tiltaksmidlane og behovsmidlar for 2026, justeringar frå søknaden er merka med raudt i tabellen:

Forslag – prioritering av tiltaksmidlar 2026

Pri	Namn på tiltak	Søknad	Justert forslag
1	Slått i Sunndalen	17000	17000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra	50000	50000
3	Tiltak på ferdselsvegar i Sunndalen	20000	20000
4	Restaurering av lauveng i Sunndalen	15000	15000
5	Slått i Erdalen	17000	17000
6	Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	30000	30000
7	Rydding av kulturlandskap i Vesledalen i Erdalen	30000	30000
8	Vedlikehald av risgarden ved Reset i Erdalen	50000	50000
9	Tiltak på ferdselsvegar i Erdalen	20000	20000
10	Styrt beiting med geit ved Storesætra i Erdalen	20000	20000
11	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	50000	50000
12	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	60000	60000
13	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	90000	90000



14	Innfallsport Stardalen	30000	30000
15	Utforming av innhald til informasjonstavler	30000	30000
16	Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar Granuttak nær nasjonalparkgrensa ved	250000	241000
17	Fåbergstølen	20000	20000
18	Hente materialrestar/skrot frå Storesætra	40000	40000
19	Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	20000	20000
20	Innfallsport Supphellebreen	100000	100000
21	C14-datering av fonnnfunn frå Supphelleskaret	10000	0
22	Tilrettelegging av innfallsport ved Bødalssetra	25000	25000
23	Innkjøp av varsemidskilt til fleire innfallsportar	25000	25000
24	Restaurering av sti Lundaskaret	1	0
25	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	1	0
	Sum	1019002	1000000

Forslag – prioritering av behovsmidlar 2026

	Søknad	Innvilga
- Driftsmidlar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	342 000	310 000
- Planarbeid	30 000	20 000
- Kartlegging insektfauna i Langedalen	150 000	150 000
- Grunnstøtte		150 000
Sum	522 000	630 000



ST 10/26 Eventuelt